



Innleiing

Ein kommuneplan er kommunen sitt overordna styringsdokument heimla i plan- og bygningslova. Kommuneplanen består av to delar; samfunnsdelen med handlingsdel og arealdelen. Samfunnsdelen skal beskrive kommunen sine overordna mål og strategiar for utvikling av lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanens arealdel. Arealdelen skal vise korleis ein ser for seg samanhengen mellom den lokale samfunnsutviklinga og arealbruken. I kommuneplanens samfunnsdel legg kommunestyret føringar for bruken av areal i kommunen, og planen bør difor ha eit overordna og langsiktig perspektiv. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsplan/program der kommunestyret konkretiserer korleis mål og strategi i samfunnsdelen skal følgjast opp gjennom konkrete tiltak. Fyrste handlingsprogram som bygger på denne planen vil bli vedteke i samband med budsjett og økonomiplan for 2018.



Foto: Dag Jensen

Medverknad

I utviklinga av Seljordsamfunnet er kommunen ein viktig aktør, men ikkje den einaste. Difor har det i planprosessen vore viktig å syte for brei medverknad. Det er gjennomført to dialogmøte der formannskapet inviterte næringsliv, lag og organisasjonar. Vidare har ein gjennomført 3 folkemøte, eitt for kvart hovudtema, med innleiarar og kafédialog for å få innspel til planarbeidet. Administrasjonen har også hatt eige møte med landbruksnæringa ved Åmotsdal Sau og Geit, Seljord Bondelag og Flatdal sau og geit, Skorve Beitelag og Vest-Telemark bonde- og småbrukarlag. Desse kom med innspel som er teke med i strategiane under hovudtema 3. Andre innspel og gode idear er teke med på best mogleg måte i dei strategiane planen skisserer. Det vil gjennom handlingsprogram og årleg rullering av dette, vere meir naturleg å ta med enkelte innspel som har eit meir tiltakspreg.

Visjon

Ein visjon kan sjåast på som eit ønske for framtida; som ein uforpliktande draum, men visjonen kan også vere ei konkret og målbar målsetting; eit bilete på kva ein skal få til gjennom å tenke stort og langsiktig. Kommuneplanen forpliktar og legg føringar for prioriteringar og politiske vedtak. Politikarane skal bruke planen aktivt i arbeidet sitt. Kommunestyret i Seljord har for planperioden 2017-2029 lagt til grunn følgjande visjon for arbeidet:

Seljord
- det gode
vertskap

Seljordsamfunnet har lange tradisjonar innan handel, turisme og store arrangement, og ein har lukkast med å bli ein attraktiv stad for besøkande ved nettopp å fokusere på det gode vertskap. Det å møte kvarandre med openheit, med ei inkluderande grunnhaldning og vilje til å lyfte saman, viser seg gjennom dugnadsånd, pågangsmot, rike tradisjonar og stoltheit hjå innbyggjarane. Det er med på å definere kommunen sitt omdømme og folk sine positive relasjonar til kommunen.

Eit godt vertskap handlar ikkje bare om korleis vi møter besøkande. Vertskap handlar om menneskje og

korleis ein møter kvarandre, respekt for ulikskap, relasjonar, tillit og individet si evne til å relatere til andre. Det gode vertskap som visjon kan gje inspirasjon og sikre ei effektiv og imøtekommande haldning i møte mellom kundar og kommune, mellom kollegaer, i møte med brukaren, mellom elev og lærar og i møte med nye innbyggjarar.

Alt startar med eiga innstilling, og difor kan visjonen vere ein ledestråd for framtida til Seljord kommune. Ei triveleg og mangfaldig bygd der unge og eldre ynskjer å busette seg, der ein møter kvarandre med respekt og skapar bu- og blilyst. Der det er mogleg å få ein spanande jobb, og

fleire ynskjer å etablere næring og utvikle nye arbeidsplassar. Der grendene er levande og berekraftige, og ein møter utfordringar med pågangsmot og ei trur på framtida. Ikkje ulikt det gamle overordna målet for planen som no skal rullerast: Seljord kommune skal vere eit samfunn i vekst og utvikling, som er bevisst kvalitetane sine, og brukar dei for å styrkje lokalsamfunnet slik at kommunen blir ein endå betre stad å bu, arbeide og besøke.





Tema og satsingsområder

Dei sterkaste globale utviklings-trekka i dag er klimakampen, sterkare sentralisering og aukande migrasjon, kombinert med meir proteksjonisme og lukking av grensene. Midt oppe i dette skjer det ei rivande utvikling innanfor digitalisering av samfunnet, til nytte for auka produktivitet og deling av informasjon, men samstundes utfordrande når det gjeld personvern og auka klasse-skilje. Desse trendane må vi ha i tankane når vi skal meisle ut morgondagens strategi for seljordsamfunnet. Det er og viktig å

vere klar over at kommunen ikkje er i stand til å nå måla aleine. Seljord kommune er som aktør avhengig av menneska som bur, arbeider og på ulikt vis verkar i kommunen. Vi har eit godt utgangspunkt i kommunen for å lukkast, men det krev at vi jobbar målretta med å styrke region sin attraktivitet og finn x-faktoren med kreativ tilnærming, nyskapande handlingar og ein liten klype galskap.

Vi har kanskje landets finaste natur og eit næringsliv som tilbyr interessante jobbar, men



kva for kommune kan ikkje skilte med det? Vi har eit stykke igjen å gå når det gjeld infrastruktur, auke i bustadbygging og urbane kvalitetar, men vi er på god veg. Samfunnsplanen er eit viktig styringsdokument på denne vegen, med mål og strategiar som gir føringar for tiltak og økonomiske prioriteringar gjennom ein berekraftig areal- og samfunnsutvikling. Strategiar handlar om å gjere val og å prioritere kva som skal til for å manøvrere riktig, og for å lukkast med mål og visjon. Kommunestyret har i arbeidet med kommuneplanen

peika på område som til dømes; kommunen sin eigen organisasjon og rolle, næringsutvikling og vekst, folkehelse, gode omsorgstenester og oppvekstvilkår, kultur og idrett/friluftsliv, klima og miljø og berekraftig utvikling av landbruk som vesentlege tema under dei tre hovudtema:

- Seljord i vekst
- Det gode livsløp i Seljord
- Berekraftige Seljord

Til kvart satsingsområde er det formulert eigne mål og strategiar.



TEMA 1:

Seljord i vekst

No situasjon og utvikling

Seljord kommune påverkar og vert påverka av ytre faktorar. Vi er ein del av Vest-Telemark, Noreg, Europa og jamvel verda, og må heile tida tilpasse oss naboane våre, regionale og nasjonale føringar og globale trendar. Dette gir oss utfordringar, men også moglegheiter. Vi har ambisjonar om å bidra til eit sterkare Vest-Telemark, og det gjer vi best ved å vise vilje til satsing, endring og samarbeid.

Seljord hadde vekst i tal på arbeidsplassar fram til 2008. Etter 2008 har det blitt færre arbeidsplassar. Næringslivet i Seljord vaks meir enn i resten av landet fram til 2006. Sidan har utviklinga vore svakare. Tal på tilsette i offentlig sektor har også vore svakare enn i resten av landet. Dei bransjane som veks mest finn ein i kommunen, forretning og tenesteyting, aktivitet og handel. Innan annan industri, verkstadindustri og lokale næringar/servering ser ein nedgang. Det er såleis vekst i regionale næringar og besøksnæringar, men

nedgang i basisnæringar. Det er spesielt peika på at det er innan denne næringskategorien ein må satse, då regionale næringar og besøksnæringar ofte representerer konkurranse i ein region, og særskilt der det ikkje er vekst i befolkningsgrunnlaget. Basisnæringar skaper vekst og vil gje positive ringverknader for dei andre næringane.

Folketalet i Seljord har vore uendra dei siste åra. Seljord har fødselsunderskot og må difor ha netto innflytting for å unngå nedgang. Seljord har strukturelle omsyn som gjer at ein ikkje kan rekne med netto innflytting som på landsbasis. Seljord hadde låg bustadattraktivitet fram til 2012. Gjennom auka satsing har ein fokusert på å finne gode strategiar og tiltak for å auke bustadattraktiviteten, noko som har resultert i at den dei siste åra har vore positiv. Dei tri siste åra har gevinsten vore 7 ekstra innbyggjarar kvart år.



Nøkkelfordringa kommunen må taka innover seg er at dei aller fleste andre kommunar også ynskjer det Seljord har som mål, nettopp auka vekst. Difor er det viktig å bruke fortrinn kommunen har, forsterke desse og satse vidare på det som er unikt for oss. Ein god tilnærming når ein skal satse er å balansere risikovilje med fornuftig bruk av kommunale midlar, gjennomføre tiltak tufta

på langsiktige strategiar og stå fast ved forventna utvikling. "Rom blei ikkje bygd på ein dag", det blir ikkje Vest-Telemark teknologipark heller. Denne satsinga viser kommunens strategisk tilnærming, der eit innovativt næringsliv, ein framtidsretta lokalbank og ein kommune med ynskje om arbeidsplass- og folkevekst, kjem saman for å satse stort.

Næringsutviklinga i kommunen og regionen er sterkt knytt til næringshagesatsing, som må halde fram slik at ein legg til rette for eit godt utvikla apparat som supplerer kommunen si satsing. Næringshagemiljøet skal vera ein ressurs for næringsliv og nye aktørar, og skal stimulere til meir innovasjon og kompetanse i utvikling av nye satsingsområde.



Foto: Sondre F. Lindheim

MÅL:

- 1** Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år.
- 2** Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030.
- 3** Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid.

STRATEGIAR Seljord kommune vil satse på: *Seljord i vekst*

- 1.1.1 eit variert, attraktivt og konkurransedyktig handelssenter med næringer som også styrker tettstaden, spesielt med vekt på verdiskaping i handel og service
- 1.1.2 utvikling av basisnæringer som kompletterer eksisterande næring, og som er framtidsfokustert og klimavennleg
- 1.2.1 å utvikle infrastruktur og areal for attraktive bustadområde og for nyetablering og vidareutvikling av næringslivet i kommunen
- 1.2.2 ei bustadutvikling som skal oppretthalde og utvikle bustadareal generelt, og leggje til rette for fortetting i pressområda spesielt, og som best mogleg forvaltar arealbruken i område med offentlege og private teneste- og servicetilbod
- 1.3.1 samarbeid med nabokommunar for å styrke regionen, og delta aktivt i regionale samarbeidsorgan med prioritet på tydeleg samfunnsutvikling
- 1.3.2 Møtestad Seljord, slik at kommunen saman med turist- og handelsnæringane utviklar rolla og legg til rette som det godt vertskap for besøkande

- 1.3.3 å leggje til rette for fleire statlege arbeidsplassar til kommunen og regionen
- 1.3.4 å leggje til rette for eit næringshagemiljø som supplerer næringsliv og andre aktørar i kommunen og regionen
- 1.3.5 å leggje til rette for gründerverksemdar og innovasjon innanfor bransjar som til dømes miljøteknologi, vasskraft, kreative næringer, lokalmat og foredlingslinar.
- 1.3.6 ein kommuneadministrasjon som tek sikte på effektivitet og som bidrar til samarbeidskultur og optimisme i eigen organisasjon
- 1.3.7 ein kommune der folkevalte og administrasjon saman utgjer eit sterkt fagmiljø som er tufta på tillit, og som blir oppfatta som samstemt og samarbeidsvillig i møte med næringsliv, frivillige organisasjonar og innbyggjarar
- 1.3.8 aktiv bruk av digitale og sosiale media for å få fram budskap om at Seljord er ein god stad å bu, besøke og etablere næring i
- 1.3.9 å skape nye attraksjonar og tilbod som bygger opp under visjonen Seljord – det gode vertskap
- 1.3.10 å arbeide for at strategiane i denne kommuneplanen vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel, og dannar grunnlaget for sektorplanar og tematiske planar.



TEMA 2:

Det gode livsløp i Seljord

No situasjon og utvikling

Folkehelseprofilen for Seljord syner ikkje noko område der kommunen skil seg eintydig frå landet som heilskap. Kommunen har god oversikt over innbyggjarane sine levevanar og levekår, noko som gjer at kommunen er godt rusta for å møte utfordringar knytt til ulike sosiale helseforskjellar. Kommunen si tverrfaglege tilnærming til folkehelse og levekår har ført til gode tal for Seljord, dette såg ein klart i arbeid med felles utfordringsnotat for Midt-Telemark og Seljord i samband med planstrategiarbeidet.

Den konkluderte med at Seljord kommune har relativt få levekårsutfordringar samanlikna med til dømes Midt-Telemark og gjennomsnittet i folkehelseprofilen på landsbasis.

Ein må likevel halde fram med det lokale folkehelsearbeidet, og jobbe for at alle, uansett alder, skal ha høve til å oppleve deltaking, identitet, meining og tryggleik gjennom tilhøyrse, sosial støtte og nettverk. Avgjerder som har innverknad på folkehelsa vert teke innanfor alle samfunnssektorar.

Lov om folkehelsearbeid tek føre seg fem prinsipp; medverknad, berekraft, helse i alt vi gjer, føre-var og utjamning av sosial ulikskap i helse. Med eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid ønskjer kommunen å bidra til å nå nasjonale målsettingar som “fleire leveår med god helse”, “reduerte helseskilnader i befolkninga”, og “tilgjenge for alle”.



Foto: Dag Jensen

Tilgjenge for alle handlar ikkje berre om fysisk utforming, men også om korleis vi forhold oss til kvarandre som medmenneske. I eit historisk perspektiv har generell velferdsutvikling tydd meir for folkehelsa enn helse- og omsorgssektoren. Det å skape gode oppvekst- og levekår er difor det viktigaste vi kan gjere for å få ei god folkehelse. Samstundes må vi også ha gode tenester for dei som treng det.

Det handlar om å sette fokus på brukarane sine behov for samkvem med andre, og deltaking i til dømes kulturelle opplevingar. Det vert lagt vekt på at dette er eit tiltak som kan førebygge sosial isolasjon, passivitet og einsemd. Innsatsen på dette området har hatt like høg prioritet som dei tradisjonelle pleiemessige tiltaka. Kvardagsrehabilitering handlar om planmessig og systematisk arbeid der den enkelte brukar sine ressursar vert støtta og utvikla framfor å tilby kompensering og passiviserande tiltak. Dette vert ein grunnstein i kommunen sitt tilbod også framover.

Helse- og omsorgstenestene yter tenester til alle aldersgrupper gjennom fastlegar, legevakt, fysioterapeutar, helsestasjon, skulehelseteneste, tenesta for psykisk helse og rus, heimebasert omsorg og sjukeheim. Samhandlingsreforma utfordrar kommunane til å ha meir fokus på førebygging og rehabilitering. I tillegg har kommunen teke over fleire oppgåver som tidlegare var i spesialisthelsetenesta. Både eit utvida ansvarsområde, fleire oppgåver og alderssamansetning gjer at ein må vurdere kapasitet og prioriteringar innan den samla helse- og omsorgstenesta i kommunen.

Framskriving av folketalet viser at vi i planperioden står framfor store endringar i alderssamansetjinga i befolkninga. Aldersgruppa 67-79 er forventa å auke frå 359 i 2014 til 487 i 2040. Aldersgruppa 80+ er venta å auke frå 190 i 2014 til 321 i 2040. Vi forventar også at talet på innbyggjarar over 90 år vil verte om lag tredobla frå 2014 og til 2040. Det er i denne gruppa vi vil finne den



Foto: Tone Tveit, Vest Telemark Blad

største andelen av menneske med store omsorgsbehov, mellom anna ei aukande gruppe av demente. Samstundes ser vi at auka av innbyggjarar opp til 19 år er moderat i planperioden fram til 2022, for deretter å minke.

Det som kanskje er det viktigaste særtrekket for Seljord kommune, er den store auken i kor mange prosent av innbyggjarane som



Foto: Dag Jensen

er rekna som innvandrarak (Innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre), frå 114 personar i 2007 til nesten 285 personar i 2017. Dette er ei formidabel auke, noko som har bidrege sterkt til at folketalet har vore stabilt og ikkje gått drastisk ned i perioden. Innvandrarar utgjer no omlag 10% av befolkninga i kommunen.

Dette gir utfordringar knytt til sosial integrering, barnehagar, grunnskuleutdanning, økonomi og deltaking i arbeidslivet. Visjonen om Seljord som det gode vertskap er difor sær viktig for å møte nye innbyggjarar med annan identitet og kulturell bakgrunn på ein måte som fremjar integrering og samhald.

Born og unge skal ha eit særskilt fokus i planperioden, og ein må fokusere på eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø som gir høve til å oppleve meistring gjennom ein naturleg utvikling av evner og interesser. Seljord kommune har gode barnehagar. Dette er nok eit resultat av langsiktig arbeid med god pedagogtettleik, og satsing

på nye og gode lokalitetar i form av bygg og uteområde. Resultatet ser ein att på Seljords plassering på kommunebarometeret 2017. Barneskulen i Flatdal står framfor eit omfattande renoveringsarbeid for å kome opp på eit akseptabelt nivå i høve til kva ein kan forvente av skulen i dag. Det same med ungdomskulen i sentrum, her er det også behov for større vedlikehald i planperioden. Ein snakkar gjerne om MÅ-oppgåver som "alle " forventar skal vere på plass i ein kommune. Eit løft for skulen, fysisk og kvalitativt, bør difor vere høgt prioritert framover. Gjennom Ungdata-undersøkinga får kommunen god oversikt over stoda i ungdomsmiljøet, skulemiljø og forhold mellom skule, fritid og heimesituasjon. Undersøkinga gir rom for lokalt tilpassa spørsmål, og på denne måten kan kommunen sjå om ein lukkast med strategisk tilnærming og tiltak knytt til planen.

Kultur har ein eigenverdi og gir høve til deltaking, oppleving og utvikling av eigen kreativitet.

Kultur er særleg viktig for omdøme, rekruttering og tilbakeflytting. Kultur er eit verkemiddel for å bygge positiv identitet hos barn og unge, slik at dei kan ha eit ønske om å kome tilbake til kommunen etter gjennomført utdanning. Tilrettelegging for kultur er også

viktig i eit folkehelseperspektiv, då deltaking i kulturaktivitetar er ei god kjelde til meistring og sosial tilknytning.

Seljord ligg i toppsjiktet på kulturbarometeret. Kommunen har gjennom langsiktig arbeid satsa aktivt på tilrettelegging for kulturlivet gjennom godt samarbeid med Granvin kulturhus, dei ulike arrangementa på Dyrskuplassen, frivillige lag og organisasjonar, musikkliv og kunstutstillingar. Kommunen er sjølv ein sentral aktør gjennom mellom anna drift av bibliotek, ungdomsklubb, kulturskule og symjehall. Seljord er i særstilling når det kjem til gode idrettsanlegg, og kan takke veletablerte og velfungerande idrettslag i kommunen for deira mangeårige innsats på dette området. Dei har sjølv stått på for å utvikle, bygge og drifte fleire arenaer, med dugnadsinnsats og oppsparte midlar, for å fremje idrettsglede og prestasjonar, og for å gjere det mogleg å drive med eit breitt spekter av idrettsgreiner i kommunen.



Foto: Dag Jensen



Foto: Adaptiv Arkitektur

Ungdom og unge vaksne gir i undersøkingar klart uttrykk for at tilrettelegging av sosiale og kulturelle møtestader betyr mykje forvalavstadåetablere seg. Granvin kulturhus med nytt bibliotek, idrettshall, treningssenter, kino, og kulturaktivitetar, vil ytterlegare styrke og utvide kulturtilbodet i kommunen, samt vere ein stad der folk kan møtast og samlast om gode opplevingar. Vi har eit aktivt lokalsamfunn med mange sosiale og kulturelle møtestader. Vi har kafear og restaurantar, galleri, fleire attraktive festivalar, og vi har samlingshus og kyrkjer.

Fjell og vatn ligg der som ein fantastisk naturressurs i kommunen. Dei fleste områda

kan nyttast utan tilrettelegging, medan enkelte friluftsområde er tilrettelagt for auka bruk og lettare tilgjenge. Kommunen har dei siste åra satsa på utbygging av fleire turstiar og rekreasjonsområde gjennom prosjekt som Seljord og Sogene, VandreTelemark, m.m. Dette arbeidet må vidareførast i slutføring av prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim, folkestien mellom Dyrskuplassen og Sjøormtårnet. Nyskapande rekreasjonsområde og aktivitetsparkar skal vere satsingsområde framover med tanke på både gode møteplassar, friluftsliv og i eit folkehelseperspektiv.



Foto: Dag Jensen

MÅL:

- 1 Seljord skal tilby gode barnehagar og skular.
- 2 Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle.
- 3 Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester.
- 4 Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen.

Det gode livsløp i Seljord

STRATEGIAR Seljord kommune vil satse på:

- 2.1.1 engasjerte og kompetente tilsette som skal vere delaktige i utvikling av gode oppvekstvilkår born og unge i kommunen
- 2.1.2 ein skule med godt læringsmiljø og høg kvalitet på bygg og uteområde
- 2.1.3 kvalitet og kompetanse i barnehagen med god pedagogtettleik
- 2.1.4 tidleg innsats for born i førskulealder og skulealder
- 2.2.1 at samordning av tenester og brukarfokus står sentralt i kommunen sin tenestestrategi
- 2.2.2 nært samarbeid/samhandling med regionale og statlege institusjonar og kompetansemiljø
- 2.2.3 å leggje til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får høve til å bu lengst mogleg i eigen heim, eller i ein tilpassa bustad
- 2.2.4 å dimensjonere helse- og omsorgstenestene i takt med utviklinga lokalt og samfunnet forøvrig
- 2.2.5 å bidra til tidleg oppdaging av demens, med tilrettelegging av individuelt retta tiltak til den demente og dei pårørande
- 2.2.6 velferdsteknologi i utviklingen av helse- og omsorgstenestene

- 2.3.1 at folkehelseperspektivet og universell utforming ligg til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av nærmiljøtiltak og på offentlege møteplassar. Det gjeld til dømes teleslynge for hørselshemma og god markering og ledelinjer for svaksynte.
- 2.3.2 å legge til rette for eit variert og kvalitativt kulturtilbod som gir innbyggjarane moglegheit for deltaking og oppleving gjennom heile livsløpet
- 2.3.3 å syte for at utviklinga av kulturtilbodet skjer gjennom samarbeid med frivillige, med lokale organisasjonar, næringsliv og kulturskulen med tanke på opplevingar, aktivitet, inkludering og førebygging
- 2.3.4 kultur og idrett som satsingsområde for integrerings- og inkluderingsarbeid for alle grupper i kommunen
- 2.4.1 å skape attraktive møteplassar, der folk ønskjer å vere, og som legg til rette for uorganisert aktivitet for alle aldersgrupper
- 2.4.2 at sentrum og grender spelar kvarandre gode, og at frivillig arbeid i lokale lag og organisasjonar har gode vilkår og held fram med sitt viktige arbeid for å gje gode opplevingar til alle aldersgrupper
- 2.4.3 å arbeide for at strategiane i denne kommuneplanen vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel, og dannar grunnlaget for sektorplanar og tematiske planar.



TEMA 3:

Berekraftige Seljord

No situasjon og utvikling

Berekraftig utvikling er definert som ei utvikling som tilfredsstiller behova til dagens generasjon utan å øydeleggje høvet for komande generasjonar til å få dekt sine behov. Berekraftig utvikling omfattar både økonomisk berekraft, berekraft for miljøet, og sosial berekraft, der også den kulturelle dimensjonen inngår.

Detaljhandel er viktig for eit levande by- og tettstadssenter. Detaljvarehandel pr. innbyggjar i Seljord aukar, og var i 2016 på 138 900,- kr

pr. innbyggjar, i auke med om lag 10 000,- kr frå 2015. For å oppretthalde staus som ein av dei beste på detaljvarehandel målt pr. innbyggjar i landet, må ein arbeide strategisk slik at handelssentrumet ikkje vert for utflytande, og det bør vere gangavstand mellom ytterpunkta. Sal av arealkrevjande varer har kommunen til ei viss grad prøvd å samle på Vekan og tildels i sentrum. Kommunedelplan for Seljord sentrum gir legalitet for å avgrense detaljhandelen til sentrum for å hindre ei uheldig utflyting og spreining av sentrum og

handelsnæringa. Det må vere fokus på «rett verksemd på rett stad» vidare framover.

Gode kommunikasjonar er ein føresetnad for framtidig utvikling av lokalsamfunnet og regionen. For små løyvingar til utbygging og vedlikehald av riksvegar og fylkesvegar bremsar utviklinga i lokalsamfunnet, og ansvaret for statleg eller fylkeskommunal utbygging vert i mange tilfelle velta over på private utbyggarar eller

kommunen. Dette er ein situasjon som ein kjenner igjen også på kommunalt vegnett, det må difor vere langsiktig og målbevisst arbeid for auka løyvingar til samferdsel. Seljord kommune har fleire statlege vegprosjekt i noverande NTP (Nasjonal transportplan), med opning av Mælefjelltunnelen i 2019 som det viktigaste på kort sikt. Omlegging av E 134 vil få store ringverknader for Flatdal og Svartdal. Desse grendene vil no få ei merkbar nedgang i tal på tungtransport og



gjennomgangstrafikk, samtidig som at satsinga på opplevingsvegen vil gje gode sykkelvegar og andre kvalitetar til områda. E134 vil som stamveg mellom aust og vest gå gjennom kommunen, men ennå er det ikkje fastlagt kvar den framtidige "ekspressvegen" vil ligge.

Seljord kommune skal gjennomføre tiltak for å vere med å nå internasjonale forplikta klimamål innan eiga verksemd. For å nå mål sett i Paris-avtala er det naudsynt med reduksjon i dei globale utsleppa av drivhusgassar på 40 til 70 prosent i tidsrommet 2010-2050. Noregs klimamål i 2020 (Kyoto 2) er reduksjon i drivhusgassutslepp med 30%. Transportsektoren stod i 2006 for om over 50% av klimagassutsleppa i Seljord kommune, målt i CO₂-ekvivalentar, noko som er svært mykje. Det er ikkje sannsynleg at dette har minska på ti år, sjølv med betre bilpark og fleire elbilar, då trafikkmengda har økt i same periode. E 134 er valt som viktig stamveg mellom aust og vest, og



ein kan forvente at utslepp vil auke i takt med ÅDT (årsdøgntrafikk) og utbygging av vegen.

Kommunen sjølv kan gjere mykje for å endre reisevanar lokalt, spesielt gjennom god areal- og transportplanlegging. Nokre prioriterte tiltak bør difor vere å få lagt til rette for auka bruk av kollektivtrafikknettet, betre gang- og sykkelveg som legg til rette for meir sykkelbruk i ei samkøyring med trafikktryggleiksplanen, og trafikktryggleikstiltak for mjuke trafikantar. Sykkelbruk gir ein

helse- og miljøgevinst. Utbygging og vedlikehald av sykkelveggar og tilrettelegging for sykling i sentrum kan betre trivsel, helse og miljø. Utvikling av parkar, grøntområde og gangveggar kan gjere det meir attraktivt å gå. Sykkelsatsing er difor viktig for Seljord kommune, mest med tanke på at ein skal nå klimamål og auke aktiviteten i eit folkehelseperspektiv.

For å nå dei oppsette måla er det dessutan mogeleg å få til stor grad av involvering frå andre aktørar i lokalsamfunnet, dvs. innbyggjarane, bedrifter, landbruket og ulike organisasjonar. For sektorane transport og avfall vil eit regionalt samarbeid vere nødvendig for å oppnå resultat.

Klimaendringane vil påverke Seljord-samfunnet sterkt i dei neste 100 åra. Allereie no ser ein utfordringar knytt til ekstremnedbør, flaumar og øydeleggingar. Klimaprofil Telemark peikar på ein temperaturauke med ca. 4 grader, med størst auke på vinteren. Årsnedbør i Telemark er forventa å auke med 15%, med

sesongmessig endring som gir sterkast utfall haust og vår, nettopp i tida ein tradisjonelt kan forventa flaum i vassdraga. Rapporten seier om framtida at ein i mindre vassdrag som reagerer raskt på nedbør, og i tettbygde strøk med tette flater, vil med ein meir intens nedbør få særskilte utfordringar og problem. Flatdøla og Bygdaråi er



slike vassdrag, og kommunen har starta kartlegging og auka fokus på utfordringa dette vil gje for Seljord sentrum og Flatdalsområdet.

Skredfaren kan og auke med sterkare nedbør. Seljord kommune får hausten/vinteren 2017/18 gjennomført statleg skredfare-kartlegging (NVE) av utvalte

område for nettopp å kartleggje faren for slike hendingar. Denne kartlegginga vil gje føringar for framtidas arealdisposisjonar.

Seljord kommune har gjennom arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, utarbeidd heilskapleg oversyn over risikobildet i kommunen, med omsyn til både



Foto: Dyrskuln

naturgitte og menneskeskapte hendingar med Risiko- og sårbarheitsanalyser (ROS) vedteken av kommunestyret i 2016. Det er viktig at overordna plandokument har strategiar for ivaretaking av dette området.

Kulturhistoria er kommunens røter, og gir forankring og identitet. Alle spora i landskapet fortel korleis vi har nytta ressursane lokalt, og korleis vi har levd og forma oss som menneske. Dette er sentralt i danninga av eigenidentitet. Kulturarven frå fjern og nær fortid

skal takast i vare på og gjerast tilgjengeleg slik at den skaper identitet og opplevingar for eigne innbyggjarar og for tilreisande.

Naturmangfaldslova frå 2009 stiller særskilde krav til planlegging og sakshandsaming. Bevaring av natur- og kulturmiljø vil vere ein viktig faktor i arealplanlegginga. Kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk, og landbruksnæringa er avhengig av å ha eit ressursgrunnlag for å ha ei aktiv drift. Det skal i kommunen sikrast ein berekraftig bruk av areal og naturressursar. Kommunen sine vassdrag og innsjøar er viktige oppvekst-, gyte- og leveområde for fisk. Det er sett eit særskilt fokus på bevaring av storauren i Seljordsvatnet og Vallaråi som gyteelv.

Ein viktig del av kulturlandskapet er området Flatdal og Svartdal. Her er eit variert kulturlandskap med store naturfaglege, landbruks- og kulturelle verdiar. Flatdalsøyan representerer kommunen sitt viktigast landbruksareal, og området

er viktig for å oppretthalde eit berekraftige landbruk i kommunen. Utvikling av desse områda må sjåast i tett samanheng med ivaretaking. Status som nasjonalt verdifullt kulturlandskap kan vere med å styrke området, og føre med seg ein berekraftig tilnærming for framtidas landbruksnæring.



Foto: Gunhild Geirstra

MÅL:

- 1** Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa.
- 2** Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar, og finne moglege løysningar.

3 Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.

4 Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområde.

5 Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd.

Berekraftige Seljord

STRATEGIAR Seljord kommune vil satse på:

- 3.1.1 ein langsiktige areal- og utbyggingspolitikk som skal sikre berekraftig bruk av areal- og naturressursar, samt vektlegge eigen identitet tufta på tettstaden si historie i heile kommunen
- 3.1.2 at arbeidet med fortetting skal ha fokus på gode løysingar i kryssing mellom næring (industri/handel), bustad/fritid og tettstadutvikling
- 3.1.3 at arbeidet med fortetting skal ivareta kommunes rike og kjende kultur og kulturarv, der ein fortettar på kulturminner og kulturmiljø sine premiss og utnyttar dei som ein ressurs
- 3.1.4 at tettstaden skal vidareutviklast med fokus på nyskaping, sosiale møteplassar, bulyst, aktivitet og tilrettelegging for eit konkurransedyktig næringsliv
- 3.1.5 å arbeide aktivt for realisering av gode og framtidsretta kommunikasjonsløysingar, og for andre samferdselstiltak som er viktig for kommunen og regionen
- 3.1.6 å leggje til rette for brukartilpassa, miljøvennlege og trafikksikre kommunikasjonsløsninger i kommunen
- 3.1.7 utbygging av gang-, sykkel- og turveg, og tilrettelegging for ferdsel utan bruk av bil
- 3.1.8 å gjennomføre prioriterte tiltak i trafikktryggingssplanen
- 3.1.9 sørge for at universell utforming står sentralt i all planlegging, utvikling og tiltak
- 3.2.1 ein klimavennleg tilnærming til kjøp av varer og tenester
- 3.2.2 å utarbeide ny klima- og miljøplan som gir gode tiltak, slik at kommunen tek sin del for å bidra til globale mål om reduksjon i utslepp av CO2-ekvivalentar
- 3.2.3 fagleg tilnærming, i tråd med regional plan for vassforvaltning i vassregionen Vestviken 2016-2021, til utfordringane kommunen vil oppleve i samband med klimaendring, samt auka flaum- og skredfare

Berekraftige Seljord

STRATEGIAR Seljord kommune vil satse på:

3.2.4 aktiv bistå og vere pådrivar for heilskapleg tilnærming for sikring og tiltak for å minske påverknaden av klimautfordringane for innbyggjarar og lokalsamfunn

3.2.5 miljøteknologiske løysningar for avløpshandtering og reinsing av avløpsvatn

3.3.1 å arbeide systematisk med beredskap, og ha gode system og rutinar for oppdatering av beredskapsplanane

3.3.2 å implementere beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar, samt tilfredsstillande trening av personell som har roller i beredskapsarbeidet

3.3.3 å ha fokus på beredskapsmessige omsyn og samfunnstryggleik i all planlegging

3.4.1 å handheve bu- og driveplikta i kommunen strengt

3.4.2 eit sterkare landbruk, der beitedyr er med og sikrar kulturlandskapet, noko som igjen vil styrke beitenæringa og jordvernet

3.4.3 å arbeide for at strategiane i denne kommuneplanen vert konkretisert og utdjupa gjennom kommuneplanen sin arealdel, og dannar grunnlaget for sektorplanar og tematiske planar

3.5.1 å påverke dei store og små arrangementa som går føre seg i Seljord i ei grøn og berekraftig retning

